




Søknad om tilskot til

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis i Øvre Setesdal; Bygland-, Bykle- og Valle kommune 2023





Innholdsliste

Innholdsliste	2
Innleiing	3
Øvre Setesdal	3
Forankring	4
Partnerskap med UiA	4
Mål	4
Sentral målsetting	4
Lokal målsetting	4
Målgruppe	4
Deltakarar	5
Vurdering av kompetansebehov	5
Organisering og styring	6
Koordinator	6
Arbeidsgruppe	6
Arbeidsmåtar og samarbeid	7
Førebels tiltak- og framdriftsplan	8
Varigheit	9
Evaluering	9
Planlagt evaluering av tiltaka	9
Bruk av kompetansemiddel	10



Innleiing

I Meld.St 6 (2019-2020) ; Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO seier regjeringa dette om bakgrunn og målsetting for Kompetanseløftet:

«Vi skal ha en barnehage og skole som gir muligheter for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språklig bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske forskjeller. Det krever inkluderende fellesskap og tidlig innsats. Regjeringen vil legge til rette for at kompetansen kommer tett på barna og elevene. Vi vil blant annet styrke det tverrfaglige samarbeidet og setter i gang et varig kompetanseløft på det spesialpedagogiske feltet for ansatte i barnehager, skoler og PP-tjenesten.»

Alle barn fortener ein god start. Barn og unge skal oppleve å lære, leike, utvikle seg og meistre.

Gode barnehagar og skular som lyfter alle barn uavhengig av bakgrunn, er dei viktigaste bidraga for å skape eit samfunn med små skilnadar og like mogelegheiter for alle.

Øvre Setesdal

Øvre Setesdal består i denne søknaden av kommunane Bygland, Bykle og Valle. Det er tre små kommunar som har samarbeid på oppvekstfeltet . Alle tre kommunane samarbeider om PPT Setesdal og Setesdal barnevern. Bykle og Valle samarbeider om helse. Bygland har legesamarbeid med Evje og Hornnes.

Tidlegare har alle tre kommunane hatt felles barnehagebasert kompetanseheving (ReKomp) med tema «Barnehagens språkmiljø» saman med Evje- og Hornnes og Åseral.

Bykle- og Valle kommune har hatt felles kompetanseheving i skulane (DeKomp) i grunnleggande ferdigheiter og i samband med innføring av LK20.

Bygland har hatt felles kompetanseheving i skulen (DeKomp) saman med Evje og Hornnes, med tema "Skrijving i alle fag."

For 2022 blei det sendt ein søknad frå Bygland og ein frå Bykle/Valle om tilskot til oppstart av Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. I løpet av dette året så vi at utfordringsbiletet hadde mykje felles i dei tre kommunane, og det var derfor naturleg å gå saman om felles satsing. Det er derfor gjennomført fleire dialog-, planleggings- og arbeidsmøte mellom dei tre kommunane i løpet av 2022. Det har og vore viktig å få til ei felles satsing i dei tre kommunane for at PPT Setesdal kan nytte sine ressursar så effektivt som mogleg.

I 2022 har kommunane etablert eit samarbeid med UIA, og ein har hatt eit dialogmøte med Statped.

Kommunane sitt arbeid med Regional ordning for kompetanseheving i barnehagane og Desentralisert ordning for kompetanseheving i skulen vi bli sett i samanheng med Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.



Forankring

Satsinga er forankra hos kommunedirektørane i Bygland-, Bykle- og Valle kommune.

Søknaden har vore på «lokal høyring» hos einingar og tillitsvalde i veke 3-4/2023.

Partnerskap med UiA

Det er etablert kontakt med UiA. Samskapinga er ikkje starta. Planen for arbeidet med Kompetanseløftet må naturleg påverkast av dette.

Mål

Sentral målsetting

Styrke kollektiv kompetanse i barnehagar og skular ut frå lokale behov, gjennom partnerskap med universitet eller høgskule.

Alle kommunar og fylkeskommunar, barnehage- og skuleeigarar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane til å kunne fange opp og gi et inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging.

Lokal målsetting

- Barnehagane og skulane i Bykle, Valle og Bygland skal gi alle barn og unge dei same føresetnadene for utvikling og læring- uavhengig av kjønn, sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, samt kognitive og fysiske skilnader.
- Sikre eit felles kunnskapsgrunnlag i arbeidet med inkluderande praksis. For å kunne evaluere eigen praksis på området er det viktig og nødvendig at ein har ei felles oppfatning av kva ein legg i omgrepet inkluderande praksis. Kva tyder det for den einskilde eining? Kva tyder det for barna og dei føresette?
- Jobbe fram ein felles visjon for den inkluderande praksisen i den einskilde barnehage og skule.
- Leiarane set inkluderande praksis på agendaen.
- Styrke det tverrfaglege samarbeidet og bygge sterke lag rundt barn og unge med god kompetanse.

Målgruppe

Målgruppe er barnehage- og skuleeigarar, leiarar og tilsette i barnehagar og skular, PP-tenesta og andre tverrfaglege tenester i kommunane som bidrar til kvalitet i tilbodet til barn og unge.



Deltakarar

PPT Setesdal

Setesdal barnevern

Helsesjukepleiar

Byglandsfjord oppvekstsenter

Bygland oppvekstsenter

Hylestad barnehage

Valle barnehage

Valle skule

Bykle barnehage

Fjellgardane barnehage

Bykle barne- og ungdomsskule

Fjellgardane skule

Alt etter kva som vert avdekt av utfordringar på kvar enkelt eining, vil fleire i laget rundt barnet kunne bli involvert i Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Vurdering av kompetansebehov

Kommunane Bygland, Bykle og Valle gjennomførte våren 2022 ei grundig kartlegging av alle einingar innan oppvekst og helse i samband med oppvekstreforma (Kartleggingsrapporten). Funn syner at utfordringar som åtferds- og emosjonelle vanskar går igjen. Det er derfor naturleg å arbeide med inkludering generelt og inkludering av barn og elevar med åtferds- og emosjonelle vanskar spesielt. Parallelt med at alle i laget rundt barna får auka sin kompetanse på feltet, syner Kartleggingsrapporten at det er behov for å arbeide med å betre strukturen på vårt tverrfaglege samarbeid.

Ein sentral del av satsinga er at PPT Setesdal skolerast i, og tek i bruk Statped sitt refleksjonsverktøy for inkluderande praksis i barnehage og skule.

Slik vil vi i løpet av perioden sikre ein svært detaljert kartlegging av kompetansebehovet i den einskilde skule og barnehage og PPT Setesdal får eit godt verktøy dei kan nytte i rettleinga av einingane.

Vi vil i samarbeid med UiA i løpet av perioden, kartlegge behovet for kompetanse i det spesialpedagogiske arbeidet.



Organisering og styring

Koordinator

Koordinator; Skule- og oppvekstansvarleg i Bykle kommune (i samarbeid med Skulefagleg ansvarleg og barnehagemyndigheit i Valle kommune)

Arbeidsgruppe

Deltakarar; Hovudtillitsvald
 Skulefaglege /barnehagemynde
 PPT
 Rektor
 Styrar
 SFO fagleiar
 Ressurslærer/spes.ped koordinator
 Pedagogisk leiar
 UiA

Korleis den vidare organiseringa skal planleggast og riggast er avhengig av kva kartlegginga og analyse viser.

Rolle	Ansvar
UiA	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra i samskappingsprosessen og samarbeide med arbeidsgruppa om form og innhald på bidrag frå UiA. • Ta kontakt med koordinator i god tid før samlingane for å sikre felles forståing av innhald. • Delta i møte med arbeidsgruppa i samband med planlegging av innhald i samlingane. Førebur og gjennomfører samlingane i tråd med det som vert avtalt. • Bidra med støtte og samskaping med leiarane i implementeringa.
Koordinator	<ul style="list-style-type: none"> • Planlegge og kalle inn til møte i arbeidsgruppa, leie møta og skrive referat • Koordinere arbeidet med utarbeiding av plan og søknad i høve «Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i region Øvre Setesdal» i partnerskap med UiA • Føre rekneskap og skrive rapport i høve midla som vert tildelt • Delta i Samarbeidsforum • Organisere fysiske samlingar med tanke på lokalar, bevertning og nødvendig utstyr
Arbeidsgruppe	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere lokale kompetansebehov • Planlegge ordninga • Planlegge samlingar/aktivitetar • Vurdere/evaluere ordninga



	<ul style="list-style-type: none">• Vurdere/evaluere samlingar/aktivitetar
Einingsleiar	<ul style="list-style-type: none">• Organiserer utviklingsarbeidet på eiga eining i samråd med skuleeigar• Førebu samlingane på eiga eining• Ein deltek i arbeidsgruppa• Evaluerer samlingane og utviklingsarbeidet saman med personalet
HTV	<ul style="list-style-type: none">• Ein deltek i arbeidsgruppa• Vere tilsette sitt talerøyr inn i arbeidsgruppa, evaluerings- og planleggingsarbeidet• Bidra til å gjere planar kjent i eigen organisasjon.• Sjå til at tilsette kan ta del i kompetanseutviklinga.
Ressurslærer / spes.ped koordinator	<ul style="list-style-type: none">• Støttar sine kollegaer ved å vere tilgjengeleg for spørsmål og rettleiing• Pådrivar i arbeidet med inkluderande praksis• Fagleg godt oppdatert• Ein deltek i arbeidsgruppa.

Arbeidsmåtar og samarbeid

Dialogmøte

Kartlegging

Arbeidsgruppemøte

Foredrag

Workshop

Utviklingsøkter tverrfagleg

Utviklingsøkter på einingane

IGP

SWOT-metoden



Førebels tiltak- og framdriftsplan

Kva	Kven	Vår-23	Haust-23	Vår-24
Etablere Arbeidsgruppe	Koordinator			
Ferdigstille plan for Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis	Arbeidsgruppa			
Arbeid med kompetansepakken frå Udir	Barnehagar og skular			
Fagdag; Levekår og barn/unges psykososiale utvikling. Kva kan vi gjere for å førebygge utanforskap?	Politisk og administrativ leiing og tenesteleiarar i kommunane			
Opplæring i Refleksjonsverktøyet	PPT Setesdal			
Gjennomføre undersøking og analysere resultat.	PPT, barnehagar og skular			
Etter undersøking og analyse vel skulane og barnehagane ut påstandar som dei skal arbeide vidare med ved bruk av SWOT-metoden. Det vert utforma tiltak basert på det som er kjem fram gjennom SWOT	Barnehage, skule og PPT			
To-dagars kurs: Spesialundervisning som verker <ul style="list-style-type: none"> - Inkluderande spesialundervisning - Handtering av uro i klasserommet - Spesialundervisning – ein veg til utanforskap? - Korleis holde elever med dysleksi inne i den gode sirkelen? - Spesialundervisning for elever med ADHD og andre nevroutviklingsforstyrrelser 	PPT, einingsleiarar, spes.ped koordinatorar			
Fagdag; Levekår og barn/unges psykososiale utvikling. Kva kan vi gjere for å førebygge utanforskap?	Politisk og administrativ leiing og tenesteleiarar i kommunane			
Medverknad/ brukarperspektiv	Elevar			



Arbeidsgruppa utarbeidar tiltak retta mot elevar				
Medverknad/ brukarperspektiv Arbeidsgruppa utarbeidar tiltak retta mot foreldre/føresette i barnehagar og skule	Foreldre/føresette			
Kartlegging av barnehagane og skulane sin spesialpedagogiske kompetanse i samarbeid med UiA	Alle barnehagar og skular			
Kompetanseheving etter kartlegging (døme; ASK og matematikvanskar) Her vil det vere ulike behov i kommunane og i dei ulike einingane	<ul style="list-style-type: none"> - Alle - Kommune - Eining - Personar 			
Ein felles plandag i august med ekstern foredragsholdar	Barnehagar Skular PPT Setesdal Barnehageeigar/-mynde Skulefagleg rådgjevarar			

Arbeidsgruppa vil utarbeide ein detaljert plan i samarbeid med UiA i løpet av våren 2023.

Varigheit

Søknaden gjelder aktivitet i 2023 og våren 2024.

Vi planlegg for at satsinga skal vare minimum ut våren 2025.

Evaluering

Evaluering vil gjennomførast på ulike nivå, avhengig av aktivitet.

Arbeidsgruppa vil sikre heilskapleg vurdering av ordninga.

Vurdering av heile satsinga seinast i mai kvart år.

Planlagt evaluering av tiltaka

Arbeidet med Udir sine Kompetansepakker:

Den einskilde eining, juni 2023

Plandag august 2023:



Arbeidsgruppa, september 2023

Kartleggingsverktøy og oppfølging av den enkelte eining:

PPT og den einskilde eining fortløpande

Arbeidsgruppa, halvårleg

Bruk av kompetansemiddel

Eventuelle tildelte middel og egne lokale middel for 2023 vil vi nytte til:

- Utgifter til samlingar for tilsette, inkludert reise og eventuelle eksterne førelesarar
- Etablere ei arbeidsgruppe for ordninga
- Kartlegge kompetansebehovet
- Utarbeide ny «rigg» for Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis
- Utarbeide langsiktig plan for arbeid med Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis
- Koordinator
- Litteratur/materiell